



## STORTINGET

# Innst. 40 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
frå utenriks- og forsvarskomiteen

Meld. St. 30 (2023–2024)

### Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om Internasjonalt samarbeid om atomsikkerhet og miljø i et endret Europa

Til Stortinget

## 1. Samandrag

Norges atomsikkerhetssamarbeid har siden 1995 vært styrt gjennom Regjeringens handlingsplan for atomsikkerhet og miljø (atomhandlingsplanen). Den har senere blitt revidert i 1998, 2005, 2008, 2013 og 2018.

Denne meldingen omhandler atomsikkerhetstiltak utenfor Norges grenser. Meldingen beskriver arbeidet som er gjort innen internasjonal atomsikkerhet og miljø og de resultater som er oppnådd siden 2010 da forrige stortingsmelding om atomsikkerhet ble lagt frem.

Meldingen omhandler Regjeringens handlingsplan for atomsikkerhet og miljø og Norges internasjonale innsats i både bilaterale og multilaterale kanaler. Den beskriver de grunnleggende endringene som har skjedd i atomsikkerhetssamarbeidet med Russland og Ukraina de senere år, samt hvordan Norge bør fortsette arbeidet i tiden fremover. Meldingen beskriver norsk innsats og støtte til Ukraina på atomsikkerhetsfeltet. Meldingen beskriver også mulig innretning for Norges fremtidige arbeid med atomsikkerhet i Russland.

Som direkte konsekvens av Russlands fullskalainvasjon av Ukraina i 2022 har det oppstått nye og store behov for et styrket norsk engasjement for atomsikkerhet og miljø i og rundt Ukraina og i Svartehavsregionen.

Ukraina trenger omfattende hjelp med å styrke atomsikkerheten mens krigen pågår. Derfor vil Ukraina nå bli tyngdepunktet i Norges internasjonale samarbeid for atomsikkerhet. Så vel utfall som varighet av Russlands krig, er usikkert. Ukraina vil uansett trenge assistanse i lang tid etter at krigen er avsluttet. Arbeidet med atomsikkerhet og miljø har lenge vært en viktig pilar i norsk utenrikspolitikk. Atomsikkerhetssamarbeidet var en viktig del av Norges bilaterale forhold til Russland, særlig i nord og fyrlyktprosjektet. Dreiningen fra Russland til Ukraina er en vesentlig omlegging av denne innsatsen.

Meldingen omtaler ikke prosjekter innen atomsikkerhet i Litauen, Romania og Slovakia hvor støtten fra Norge går gjennom EØS-midlene. Meldingen omtaler heller ikke Norges nasjonale organisering og arbeid med strålevern, atomsikkerhet og beredskap.

Det er siden tidlig på 1990-tallet samlet sett bevilget i underkant av 2,5 mrd. kroner til atomsikkerhetssamarbeidet til og med 2023. Fordelingen mellom Russland og Ukraina av midler til atomsikkerhetssamarbeid har endret seg markant over tid. Før annekteringen av Krym i 2014 ble størstedelen av midlene bevilget til prosjekter i Russland. Etter 2014 økte Norge støtten til Ukraina og reduserte støtten til Russland. Etter Russlands fullskalaangrep på Ukraina i 2022 ble prosjektsamarbeidet med Russland frosset. Størstedelen av midlene brukes nå til prosjekter i Ukraina.

Meldingen viser til at Ukraina vil være hovedsatsingsområde for atomsikkerhetssamarbeidet grunnet de omfattende behovene som har oppstått i landet etter Krym i 2014 og fullskala angrepskrig i 2022. Mye av atomsikkerhetssamarbeidet kan dekkes under Nansenprogrammets periode fra 2023 frem til 2027.

Meldingen legger til grunn at de tiltak og den politikk som er gjort rede for i meldingen, dekkes innenfor gjeldende budsjetttrammer, inkludert de økonomiske rammene for Nansen-programmet. Meldingen viser også til at prioriteringer i atomsikkerhetssamarbeidet vil bli fremmet for Stortinget i de årlige budsjettproposisjonene. Meldingen omtaler derfor ikke konkrete bevilgninger.

Meldingen viser til at Utenriksdepartementet er ansvarlig for den politiske og strategiske styringen av det internasjonale atomsikkerhetssamarbeidet. Et av suksesskriteriene for atomsikkerhetsarbeidet er det tverrsektorielle samarbeidet mellom myndigheter, fagmiljøer og sivilsamfunn. Dette har bidratt til den brede kontaktflaten og kompetansen som er opparbeidet gjennom årene. Nært samarbeid mellom policyutviklere og fagmiljø har sikret at beslutninger tas på et godt faglig grunnlag

## 2. Behandlinga i komiteen

Som ein del av behandlinga av meldinga i komiteen vart det 3. oktober 2024 halde høyring i saka. Det kom to skriftlege innspel og to instansar deltok i høyringa.

## 3. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Trine Lise Sundnes, frå Høgre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schie Schou, Erna Solberg og leiaren Ine Eriksen Søreide, frå Senterpartiet, Marit Arnstad, Bengt Fasteraune og Ola Borten Moe, frå Framstegspartiet, Sylvi Listhaug og Morten Wold, frå Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, frå Raudt, Bjørnar Moxnes, frå Venstre, Guri Melby, frå Kristeleg Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, og uavhengig representant Christian Tybring-Gjedde, viser til Meld. St. 30 (2023–2024) om internasjonalt samarbeid om atomtryggleik og miljø i eit endra Europa.

Komiteen viser til at Noreg sidan 1990-talet har bidratt internasjonalt til atomtryggleik og miljø med mål om å redusera risiko for alvorlege ulykker og radioaktiv forureining samt å hindra at radioaktivt avfall kjem på avvegar. Innsatsen utgjer 2,5 mrd. kroner over desse åra. Komiteen merkar seg at norsk innsats har hatt hovudvekt på Nordvest-Russland der sivil og militær atomverksemd over lengre tid har skapt store utfordringar. Gitt den geografiske nærleiken er denne innsatsen også i norsk interesse. Gjennom bilateralt samar-

beid har atomubåtar blitt hogde opp, radioaktive kjelder i fyrlykter fjerna, kjernekraftverk sikra og radioaktivt avfall handtert. Riksrevisjonane i Noreg og Russland i 2010 konkluderte med at samarbeidet gav gode resultat. Den totale mengda radioaktivt avfall og brukt kjernebrensel i Nordvest-Russland vart halvert i perioden 2004–2022. Komiteen noterer seg vidare at langsiktig arbeid, stabile kontaktar og samarbeid mellom styresmakter, fagmiljø og sivilsamfunn er rekna som suksesskriterium.

Etter Russlands fullskala invasjon av Ukraina i 2022 fraus Noreg finansieringa av prosjekta. Komiteen registrerer at Russland stilte samarbeid på vent med unnatak av den bilaterale varslingsavtala om atomhendingar.

Ukraina baserer halvparten av straumen sin på kjernekraftverk. Det er fire operative kjernekraftverk, to forskingsreaktorar og eitt nukleært forskingssenter i Ukraina i tillegg til det nedlagde kjernekraftverket i Tsjernobyl. Komiteen ser det som svært alvorleg med krig i eit land med operative kjernekraftverk. Komiteen noterer seg at den norske innsatsen for atomtryggleik og miljø no er dreia over til Ukraina, medrekna ei vesentleg støtte til Det internasjonale atomenergibyrådet. Byrådet spelar ei viktig rolle i å redusera risikoen ved Zaporizjzja kjernekraftverk som har vore okkupert av Russland sidan mars 2022. Kraftverket som vart treft i skotvekslingar er stengt ned og avhengig av ekstern straumforsyning for å kjøla ned kjernebrenselet. Med ustabil straumforsyning og eit personell som arbeider under svært vanskelege forhold er risikoen stor for radioaktive utslepp. Komiteen registrerer at Det internasjonale atomenergibyrådet med støtte frå Noreg er til stades i Zaporizjzja for å formidla oppdatert og uavhengig informasjon om status.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til at det vart halde høyring og at miljøorganisasjonane Natur og Ungdom og Bellona, som begge har bidratt i den norske innsatsen for atomtryggleik og miljø, deltok. Høyringsinstansane er bekymra for signal om at støtte til samarbeid mellom norske og russiske miljøorganisasjonar kan falla bort, og ber om større fleksibilitet i tilskotsordninga under Nansen-programmet slik at også mindre miljøorganisasjonar kan søka støtte til sitt engasjement i Ukraina. Fleirtalet merkar seg at 7 prosent av støtta gjekk til miljøorganisasjonar i perioden frå tidleg 1990-tal og fram til 2022. I 2023 gjekk delen ned til 3 prosent. Bellona etterlyste også ei breiare situasjonskildring i meldinga. Atomverksemd i EU vil også medføra risiko for Noreg. Høyringsinstansen etterlyser derfor norsk støtte til arbeid med atomtryggleik også utanfor Aust-Europa og Sentral-Asia.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti sine merknader i Innst. 255 S (2023–2024) om stiftelsen NORSARs arbeid i Ukraina. NORSARs arbeid er relevant både for atomsikkerhet og for ansvarliggjøring av Russland for deres forbrytelser. Disse medlemmer viser til at statsministeren informerte de parlamentariske lederne på Stortinget 20. september 2024 om at NORSAR ville bli tilført midler gjennom Nansen-programmet for Ukraina, men kan ikke se at disse midlene er omtalt i regjeringens budsjettforslag.

Fleirtalet i komiteen, medlemene fra Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at sivil og militær atomverksemd utgjør ein stor risiko. Ei atomhending vil truge tryggleiken til befolkninga både i Noreg og utlandet. Fleirtalet meiner derfor at norsk innsats for atomtryggleik og miljø internasjonalt må vidareførast og styrkast.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til at Russlands krig mot Ukraina utgjør ein dobbel risiko for ei atomhending. Putin har gjentekne gonger truga med bruk av atomvåpen og Russland driv krig i eit område med fleire kjernekrakverk. Disse medlemene noterer seg at norsk innsats for atomtryggleik og miljø no vert vridd frå Russland til Ukraina. Disse medlemene meiner det er tungtvegande grunnar for auka innsats i Ukraina. Gitt den geografiske nærleiken til Nordvest-Russland og dei gode resultatane i samarbeidet mellom norsk og russisk sivilsamfunn, embetsverk og forskning meiner desse medlemene samtidig at innsatsen retta mot Russland ikkje bør skrinleggast heilt, men oppretthaldast på eit minimumsnivå slik at det er grunnlag for å gjenreise samarbeidet når krigen mot Ukraina tek slutt.

Desse medlemene viser til at krigen i Ukraina stiller store krav til det ukrainske sivilsamfunnet. I krisetider er det spesielt viktig at sivilsamfunnet kan fortsetje arbeidet sitt, både for å bidra konstruktivt til å løyse utfordringar og kriser, men også for å sikre at makt ikkje blir misbrukt i ein pressa situasjon.

Desse medlemene meiner at det både på kort og lang sikt vil vere avgjerande for det ukrainske sivilsamfunnet å kunne samarbeide over landegrensene. Norske styresmakter bør derfor støtte eit tettare samarbeid mellom norske og ukrainske organisasjonar. Nansen-programmet har samarbeid som eit delmål, men dagens innretting på tilskota frå Nansen-programmet favoriserer i stor grad dei større organisasjonane, medan mindre organisasjonar ikkje blir like godt tilgodesett.

Lågaste ramme for søknader til sivilsamfunnsorganisasjonar er til dømes på 10 mill. kroner, noko som hindrar organisasjonar i å ta del i støtteordninga. Desse medlemene meiner at rammene bør settast ned slik at også mindre organisasjonar kan delta. Desse medlemene viser til høyringsinnspel frå Bellona og Natur og Ungdom og mangelen på støtteordningar for samarbeid mellom ukrainske og norske miljøorganisasjonar. Den einaste støtta norske miljøorganisasjonar i dag får til arbeid i Ukraina, kjem frå same ordning som støttar arbeid med atomsikkerheit i Russland utan at ramma er auka. Dette fører i praksis til at auka innsats i Ukraina går på kostnad av det nødvendige arbeidet med atom-sikkerheitsutfordringar i Russland. Desse medlemene meiner at norske organisasjonar bør kunne oppretthalde arbeidet sitt knytt til Russland, samtidig som innsatsen til fordel for Ukraina aukast. Dette krev tilskotsordningar som er innretta mot mindre prosjekt av eit breiare lag av norsk og ukrainsk sivilsamfunn.

På denne bakgrunn fremjar desse medlemene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa om å endre innrettinga på tilskota over Nansen-programmet slik at det blir lettare for mindre sivilsamfunnsorganisasjonar å søkje om tilskot.»

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt, viser til at Russland har blitt eit samfunn der yringsfridomen er kraftig innskrenka, og der kritiske røyster møtast med sensur og forfølgning. Tilgang til fakta er avgrensa og narrativ blir systematisk forvrengt. Denne desinformasjonen sprer seg også utover Russlands grenser. Samtidig fører det russiske regimet ein politikk som aukar risikoen for alvorlege miljøskader, både innafør Russlands grenser og på vårt felles miljø i nord og globalt.

Fleirtalet peikar på at sivilsamfunn og ikkje-statlege aktørar spelar ei sentral rolle i å verne miljøet vårt og samtidig sikre tilgang til påliteleg informasjon. Å bygge eit avgjerdsgrunnlag basert på faktabasert informasjon og fagkunnskap om Russland og miljøutfordringane som oppstår som følge av regimets handlingar, er avgjerande.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt meiner at informasjon- og analysearbeid som vert utført i samarbeid mellom russiske og norske miljøaktivistar, må oppretthaldast. Dette vil vere viktig både om informasjonstilgangen blir ytterlegare avgrensa, og dersom utviklinga skulle gå mot auka openheit og påverkingmoglegheit i Russland.

Desse medlemene peikar på at det er langt meir ressurskrevjande å bygge opp eit sivilsamfunn frå botnen av enn å halde det ved like. Derfor er det viktig at

norske styresmakter opprettheld fleksible støtteordningar for å støtte det uavhengige russiske sivilsamfunnet og miljøørsla sitt arbeid, og gjere samarbeid med norske organisasjonar mogleg.

Medlemen i komiteen frå Raudt skriv under på høyringsinstansane si bekymring. Miljøvernørsla har i mange år vore eit viktig kontaktpunkt med det russiske sivilsamfunnet. Denne medlemen viser til at regjeringa skriv at samarbeid med utanlandske partnarar har vorte meir risikabelt for dei russiske organisasjonane:

«Etter den totalitære utviklingen i Russland og fullskalainvasjonen av Ukraina har situasjonen for det sivile samfunn i Russland blitt strammet inn ytterligere.»

Denne medlemen meiner undertrykkinga den russiske miljøørsla møter frå russiske styresmakter snarare er eit argument for å auke Noregs støtte enn for å redusere denne støtta, og at sivile organisasjonar både i Noreg og i Russland har lang erfaring med å løyse dette i praksis. Natur og Ungdom, Naturvernforbundet og Bellona melder òg at dei ynskjer å styrke samarbeidet, og at det framleis finst aktørar dei kan støtte i Russland.

I lys av dette meiner denne medlemen at det må vere eit mål for norske styresmakter å fremje og støtte kontakten mellom norsk og russisk miljøørsla.

Denne medlemen støtter òg Bellonas oppfordring til at tilskott gjennom Nansen-programmet må kome mindre organisasjonar i Ukraina, blant dei miljøorganisasjonar, til gode. Denne medlemen syner til Stortinget si behandling av regjeringas stortingsmel-

ding om Nansen-programmet i Innst. 255 S (2023–2024), kor fleirtalet i komiteen understreka at norsk støtte må verte innretta til å støtte lokale organisasjonar i Ukraina. Denne medlemen vil derfor vektleggje at krava til å tar imot sivil støtte gjennom Nansen-programmet ikkje må vere så høge at små organisasjonar i praksis vert utestengde.

## 4. Forslag frå mindretal

**Forslag frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Kristeleg Folkeparti:**

### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringa om å endre innrettinga på tilskota over Nansen-programmet slik at det blir lettare for mindre sivilsamfunnsorganisasjonar å søkje om tilskot.

## 5. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k:

Meld. St. 30 (2023–2024) – Internasjonalt samarbeid om atomsikkerhet og miljø i et endret Europa – blir lagd ved møteboka.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 5. november 2024

**Ine Eriksen Søreide**

leiar

**Ingrid Fiskaa**

ordførar

